

---

Til: Sekretariatet for klagenemnda

---

Frå: INV - Forvaltning Vestland

---


Oversendingsbrevet til klagenemda - Avkørysle - fv 5286 - gnr 42 bnr 169 -  
Øygarden kommune

#### **Samandrag**

Arkoconsult søkte den 13.10.2020 på vegne av tiltakshavar Tore Flatekvål om utvida bruk av avkørysel frå fv. 5286 i samband med oppføring av einebustad på frådelt tomt gnr. 42 bnr. 169, Øygarden kommune. Avdeling for infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommune gav i brev datert 03.11.2020 avslag på søknad om utvida bruk av avkørysel med grunngjeving at avkørysel har manglar som medfører fare for vegfarande på fv. 5286. Arkoconsult har i brev av 16.11.2020 klaga på avslaget på vegne av tiltakshavar.

#### **Bakgrunn**

I samband med oppføring av bustad er det søkt om utvida bruk av avkørysel som knyttar den private vegen Skrubbenesvegen til fv. 5286.




Figur 1: Avkørysel ved posisjon 1, tomt ved posisjon 2.

#### **Planstatus**

Eigedommen det er søkt om utvida bruk av avkjørsel for ligg innanfor reguleringsplan for Skrubbeneset, plan id 124619930006 vedtatt 28.10.93. Reguleringsplanen omfattar ikkje tilkomst frå Skrubbenesvegen til fv. 5286.

Tilkomst til fv. 5286 frå Skrubbenesvegen er omfatta av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) plan id 124620060051. Denne reguleringsplanen legg til rette for etablering av ein- og tomannsbustader. Det er i reguleringsplan tatt med rekkefølgjekrav om opparbeidning av Skrubbenesvegen i samsvar med plankartet, samt etablering av gang-/sykkelveg GS3 langs Skrubbenesvegen mellom arm av Skrubbenesvegen i sør og Svartmyra i nord. Bustader planen legg til rette for er ført opp.



Figur 2: Venstre - reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) plan id 124620060051. Høgre - reguleringsplan for Skrubbeneset plan id 124619930006, tomt markert med raudt omriss.

#### Stadlege opplysningar

Fylkesveg 5286 har på staden fartsgrense 30 km/t og årsdøgntrafikken er på 900 køyretøy. Det er etablert fortau langsmed austsida av Skrubbenesvegen og eit stykke langsmed fv. 5286 i samsvar med reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.). Fortau langsmed austside av avkjørsel er ikkje etablert i samsvar med reguleringsplanen. Avkjørsel er i staden definert med ei rad betongblokker (jersey-stein). Avkjørselen har fall ned mot fv. 5286 og overvatn er ikkje godt nok handtert. Manglande handtering av overvatn vil skape ulempar med omsyn til drift av fylkesvegen, og vil på vinterstid kunne medføre ising og glatt veg. Dette vil medføre risiko for ulykke og fare for trafikantar på fv. 5286 og brukarar av avkjørselen.



Figur 3: Avkørsel sett frå fv. 5286.

Den aktuelle avkørselen er tilkomst til over 10 bustadeiningar, og er delvis utforma som eit kryss. Begrepet avkørsel vert normalt nytt om all tilkomst mellom offentleg veg og tilknytta eigedommar jf. Arnulf/Gauer, Veglova med kommentarar 1997: «*Begrepet må sies å omfatte den fysiske tilkobling mellom offentlig veg og privat eiendom som er nødvendig for å skaffe gangadkomst eller kjørbar adkomst til tilliggende privat eiendom.*» Skrubbenesvegen er ikkje drifta eller halden ved like av det offentlege, og er difor ikkje definert som offentleg veg jf. veglova § 1. Me legg difor til grunn at tilkomsten til fv. 5286 er ein avkørsel.

Sjølve avkørselen er omfatta av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) plan id 124620060051, medan tomt for bustad er omfatta av reguleringsplan for Skrubbeneset, plan id 124619930006. Ingen av reguleringsplanane regulerer inn at eigedom gnr. 42 bnr. 169 skal ha tilkomst via den aktuelle avkørselen. Me legg difor til grunn at det er nødvendig med løyve til utvida bruk for oppføring av bustad på gnr. 42 bnr. 169 jf. veglova § 40 andre ledd.

#### **Avslag på søknad om utvida bruk av avkørsel**

Forvaltning Bergen ved avdeling for infrastruktur og veg gav med heimel i veglova §§ 40 og 43 avslag på søknad om avkørsel i brev datert 03.11.20:

*Avkørsla er ikkje tilfredsstillande opparbeida etter reguleringsplanen. Det er plassert sperrestein i krysset kor det er merka som fortau i reguleringsplanen. Dette meiner vi er eit faremoment ved påkøring og er ei løysing Statens vegvesen tidlegare ikkje har akseptert, og som vi heller ikkje vil akseptere. Det manglante fortauet må på plass her for å kunne ivareta myke trafikantar.*

*Avkørsla kan og verke noko uoversiktleg i vest med at gnr. 42 bnr. 97, der det er parkerte køyretøy på bildet over, har tilkomst nord på eigedomen, kor det er merka med fortau i reguleringsplanen.*

*Når det gjeld handtering av overvatn så har avkørsla i dag ikkje noko system som hindrar det å renne ut i fylkesvegen. Spesielt i vinterhalvåret vil dette utgjere eit faremoment, med glatte parti i utkøyringspunktet. Både ved og ut- og innkøyring vil slike glatte parti vere moglege kjelder for trafikkulukker.*

*I føresegna til reguleringsplan for Hesthagen ligg det ikkje rekkefølgjekrav om opparbeiding av fortau G/S2, men den midlertidige løysinga som er no kan likevel ikkje akseptera. Dette er eit av fleire moment som må rettast opp i dersom ein skal kunne vurdere auka trafikk på staden.*

*Etter plan- og bygningslova § 27-4 kan ny eigedom ikkje delast frå før avkørsel frå offentleg veg er godkjent av vedkommande vegmynde. Det vart ikkje søkt om løyve til bruk av avkørsel til fylkesveg 5286 ved søknad om frådelinga av eigedomen. Difor har ein no komen i ein uheldig situasjon med ei avkørsle som er vanskeleg å utforme etter trafikale krav*

*Slik vi ser det kan det medføre høge kostnader for utbetring av avkjørsla for tiltakshavar aleine. Samstundes vurderer vi avkjørsla spesielt i vinterhalvåret å kunne vere ei kjelde til trafikkulukker. Dette strir med nullvisjonen til Statens vegvesen om null hardt skadde og drepne i trafikken. Det vert difor gjeve avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsel på grunnlag av uferdig opparbeiding av den aktuelle avkjørsla.*

### **Rettsleg grunnlag**

#### Veglova § 1:

«Formålet med denne lova er å trygge planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

#### Veglova § 40:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan kreve at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner. Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»

#### Veglova § 41:

«Vegstyremakta kan påby avkjørsle frå offentleg veg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.

#### Veglova § 42:

«Blir avkjørsle bygd eller nyttta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan vegstyremakta gi påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.»

#### Veglova § 43:

«Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidligare måtte vere sette for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiktlinjer mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisiktlinjer også gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan også sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.

Statens vegvesen tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar, fylkeskommunen for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar.»

### **Andre føringer**

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar 2017-2020

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar 2017-2020 (heretter Rammeplanen) er eit ikkje juridisk bindande dokument, men ein rettleiar som skal gje føringer for kva som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkjørsle- og byggegrensesaker.

Rammeplanen har vore til endeleg behandling i Hordaland fylkeskommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei einskilde vegane har fått tildelt ein haldningsklasse som gjeld mellom anna byggegrensesakene. Haldningsklassane er ein peikar på kor strengt søknadene bør vurderast. Haldninga er visualisert med ulike fargekodar på kart. Fylkesvegnettet er sett i ein av fire haldningsklasser:

1. Meget streng haldning (Raud).
2. Streng haldning (Gul).
3. Mindre streng haldning (Blå).
4. Lite streng haldning (Grøn).

Fylkesveg 5286 har haldningsklasse «mindre streng» i rammeplanen.

### Klage

Arkoconsult har i brev av 16.11.2020 klaga på avslaget på vegne av tiltakshavar. Klage er framsett innanfor klagefrist jf. forvaltningslova § 28.

Kort oppsummering av hovudmomenta i klage er attgjeve nedanfor. Sjå vedlegg nr. 7 for heile klagen.

- Klagar viser til at det ikkje er knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av fortau på austsida av avkørselen. Det vert vidare vist til at tomta det skal førast opp bustad på ikkje er omfatta av denne reguleringsplanen, og at rekkefølgjekrav berre er gjeldande for tiltak innanfor planområdet. Det kan difor ikkje med heimel i reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) krevjast at tiltakshaver skal vere ansvarleg for opprusting av avkørselen. Klagar peikar på at eventuelle manglar ved opparbeidninga av avkørselen er knytt til utbygginga som er gjennomført i medhald av reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) og rekkefølgjekravet der.
- Klager argumenterer for at oppføring av 1 bustad vil medføre ein relativt liten auke i trafikken i avkørselen, og at det difor er urimeleg å legge ansvaret for utbetring av avkørselen på klagar. Det vert vidare argumentert med at avkørsel har tilfredsstillande utforming i dag. Klagar peikar på at den private Skrubbenesvegen er open for alminneleg ferdsel, og det difor ikkje er mogleg å styre talet på brukarar av avkørselen slik fylkeskommunen sitt avslag på søknad om utvida bruk i praksis gjer. Dette talar for at ein bør tillate den relativt små auken i trafikk som klagar sitt tiltak vil medføre.
- Klagar viser til tidlegare byggesak i Fjell kommune (no Øygarden) der det er ført opp bustad innanfor den same reguleringsplanen. I denne saka har kommunen lagt til grunn at det ikkje er nødvendig å søke om utvida bruk av den aktuelle avkørselen i samband med oppføring av bustad på gnr. 42 bnr. 61 (sjå vedlegg 8). Det vart difor aldri retta søknad om utvida bruk av avkørsel til Statens vegvesen. Det vert peika på at det i den saka, likeins med aktuelle sak, var snakk om bygging av på det som må reknast som «resttomt» i eit elles utbygd område. Klagar argumenterer for at prinsippet om lik behandling i offentleg forvaltning tilseier at det bør gjevast løyve til utvida bruk i denne saka.

### Vurdering av klagen

Me kan ikkje sjå at søknad om utvida bruk av avkørsel er avslått med heimel i reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.). Det er i avslag vist til at avkørselen ikkje er opparbeida i tråd med reguleringsplanen. Men avslaget er i hovudsak grunngjeve med at avkørselen har manglar knytt til fortau/kantstein og handtering av overvatn. INV er samd i klagars argument om at eventuelle manglar ved opparbeidninga av avkørselen i høve til rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Hesthagen, Brattholmen (42-3,91 mfl.) er knytt til byggesaker regulert av denne planen. Korkje Statens vegvesen eller Vestland fylkeskommune ved INV har godkjent arbeidet med avkørselen, eller elles signalisert at rekkefølgjekrav i reguleringsplan er innfridd. Mangelfull oppfølging av rekkefølgjekrav er Øygarden kommune som planmynde sitt ansvar. Eventuelle feil ved handsaminga av desse byggesakene kan ikkje nyttast som argument for at INV skal innvilge løyve til utvida bruk av avkørselen.

INV har forståing for det vert oppfatta som urimeleg at krav om utbetring av avkørsel vert lagt på einskilde byggesaker. Men avkørselen har manglar knytt til handtering av overvatn og manglande fortau, samt plassering av påkørselsfarlege betongblokker i hjørneavrundinga. Dette er manglar som medfører fare for trafikantar på fv. 5286 og brukarar av den aktuelle avkørselen. Den auka risikoene manglane medfører for trafikantane er direkte knytt til bruken av avkørselen. Dersom ein ikkje stiller krav til utbetring av avkørsel i enkeltsaker som dette risikerer ein «bit for bit» auke av trafikken i avkørselen gjennom enkeltvis oppføring av bustadhús. Området i stor grad er ferdig utbygd, og INV er ikkje kjent med at det planlagd større utbyggingar ein kan knytte krav om

utbetring til i nær framtid. Dersom ein skal gje fritak for krav om utbetring for enkeltbustader risikerer ein at avkjørsel ikkje blir utbетra.

Øygarden kommune (tidlegare fjell kommune) har som planmynde ansvaret for at utbygging er i tråd med godkjende reguleringsplanar og at rekkefølgjekrav er innfridd. Kommunen har ikkje mynde til å gje løyve til utvida bruk av privat avkjørsel frå fylkesveg, eller bestemme at dette ikkje er nødvendig. Det vert vist til at Fjell kommune i tidlegare byggesak har signalisert at det ikkje er nødvendig med utvida bruk av avkjørsel ved oppføring av bustad innanfor reguleringsplan for Skrubbeneset (plan id 124619930006). Dette er etter vår vurdering feil tolking av regelverket. At det er gjort ukorrekte vurderinger ved tidlegare sakshandsaming i Fjell kommune kan ikkje legge føringar for INV si behandling av søknaden om utvida bruk i dag.

Det er vår vurdering at den aktuelle avkjørselen har manglar som medfører redusert tryggleik for trafikantantar på fv. 5286, samt brukarar av avkjørselen. Desse manglane må utbetrast før bruken av avkjørselen vert auka. Forvaltning Vestland stettar vurderingane til forvaltning Bergen, og finn ikkje grunnlag for å gjere om vedtaket om avslag på søknaden om utvida bruk.

John Martin Jacobsen  
Seksjonssjef

Bjørn Skorpa Eikeland  
avd. ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrivne underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Søknad om utvida bruk av eksisterende avkjørsel - gnr 42 bnr 169 - Øygarden kommune
- 2 Fv 5286
- 3 Situasjonsplan
- 4 Svar - Søknad om utvida bruk av eksisterende avkjørsel - gnr 42 bnr 169 - Øygarden kommune
- 5 Vedrørende søknad om økt bruk av fylkesvei i forbindelse med tiltak ved gnr 42 bnr 169 - Øygarden kommune
- 6 Klage over avslag på økt bruk av avkjørsel - gnr 42 bnr 169 i Øygarden kommune
- 7 Klage
- 8 VEDLEGG 1